



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: 28.11.2024 kl 17:00 – 22:30

Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odda

Desse møte: Jarle Rasmussen (leiar), Per Helge Sekse, Britha Sandal, Jonas Aakre, Anette Torvund

Forfall: Ingen.

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Publisert:

Saker til styremøtet:

UFS 21/24: Orientering

UFS 22/24: Oppsummering av reinsjakta

UFS 23/24: Innrapportering av felte villrein i Sett og skutt

UFS 24/24: Evaluering av jegerkafeen

UFS 25/24: Status hytter og båtar

UFS 26/24: Kollsbu

UFS 27/24: Langavassbu

UFS 28/24 : Oppbevaringsboksar

UFS 29/24: Søknadar og midlar frå ulike stiftingar/fond/organ

UFS 30/24: Reglar for bruk av traktor ved Hansbu?

UFS 31/24: Arrangere jegerprøvekurs

UFS 32/24: Høyringsuttale - Lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune

UFS 33/24: Eventuelt

Jarle Rasmussen /s/

Per Helge Sekse /s/

Britha Sandal /s/

Anette Torvund /s/

Jonas Aakre /s/



UFS 21/24: Orientering

Saksdokument:

- 19-23 Postliste (sjå vedlegg)

Saksutgreiing:

- Det er blitt tilsett ny sekretær sidan førre møte. Tiltredinga skjedde 1. juni.
- Gjennomgang av postlista

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Gjennomgang av postlista

To nye saker til eventuelt:

- Orientering tenestekjøp FH as
- Steinbu ved Langavatnet

Presenstasjon av sekretær

Vedtak (sak 21/24)

Fjellstyre tar orienteringa til etterretning

UFS 22/24: Oppsummering av reinsjakta

Saksdokument:

Ingen.



Saksutgreiing:


Fjellstyret var tildelt 361 fellingsløyve på vaksen bukk 2,5 år og eldre. Inkludert i dette er 27 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som fjellstyret tildeler til jegerar med innanbygdsbuande-status tilknytt gamle Ullensvang herad.

Jakttida var 20.8-22.9. Det var samjakt for innanbygdsbuande jegerar med Røldal statsallmenning, som gav jegerane tilgang på deler av den andre statsallmenningen frå og med 2. september. Fjellstyret hadde og ein avtale med dei private valda i Ullensvang, utanom valda i Røldal, som gav jegerar med kort på statsallmenningen moglegheit til å bruke kort frå dei private valda på statsallmenningen frå og med 2. september – mot å kunne jakte på dei private valda i den same perioden.


20. september opna fjellstyre begge fredings-sonene.

Det var for det meste periodar med sør og austa-vêr i løpet av jakta, noko som resulterte i lite fellingar på statsallmenningen. Det blei felt 45 dyr (på Ullensvang fjellstyre sine kort). Det gir ein fellingsprosent på 13,45 % på fjellstyret sine egne kort.

På Eidfjord korta vart det felt 2 dyr.



Figur 1. Fellingar på korta til Ullensvang fjellstyre.



Figur 2. Dyreposisjonar 20.8-22.9

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av resultata etter jakta.

Fjellstyre ser tendensar til fråfall blant jegerane. Bekymring rundt rekruttering og oppretthalde interessa for jakt blant yngre jegerar. Einigheit om at bukkejakt bidrar til ein viss slitasje blant jegerstanden.

Vedtak (sak 22/24)

Fjellstyre tar orienteringa til etterretning.

UFS 23/24: Innrapportering av felte villrein i Sett og skutt

Saksdokument:

Ingen.



Saksutgreiing:

Innrapporteringa i sett og skutt er noko mangelfull. Dette skapar ein del ekstra arbeid i ettertid, som kunne vore unngått. Innrapporteringa i Sett og skutt er eit heilt sentralt verktøy i forvaltninga, og det er viktig at dette blir gjort rett. Korleis skal ein informere og motivere jegerane til å rapportere på riktig måte?

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre setter av eit gitt beløp som «premie» for riktig rapportering etter jakta. Alle jegerane med kort på statsallmenningen som rapporterar korrekt i Sett og skutt vil bli med i trekninga av denne «premien». Fjellstyre fokuserer på å informere jegerane om viktigheita med riktig rapportering i Sett og skutt, og annonserer ordninga med «premie» i forkant i av reinsjakta til neste år.

Referat:

Sekretær forklara saken og problematikken rundt feil innrapportering.

Ulike forslag til løysningar vart diskutert.

Jonas Aakre har hatt kontakt med Hjorteviltregisteret om Sett og skutt, og fått tilbakemelding frå desse på innrapportering i appen.

Vedtak (sak 23/24)

«Pengepremie» for korrekt innrapporteing vil bli vurdert når ein skal sjå på neste års budsjett.

Sekretær høyrar med villreinnemnda om eventuelle tiltak for å få Hjorteviltregisteret til å lage enkle veiledningar/ instruksjonar samt gjere rapporteringa lettare for jegerane.

Fjellstyre vurderar relevante foredragsholdere om saken ved eventuell ny jegerkafe til neste år.

UFS 24/24: Evaluering av jegerkafeen

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Fjellstyre arrangerte jegerkafé 14. august på Odda vidaregåande skule. Norsk villreinsenter kom og fortalde om status for villreinen på Hardangervidda. Michael Tranulis frå NMBU fortalde om CWD og prionsjukdommar, og Mattilsynet hadde presentasjon om arbeidet og status rundt CWD situasjonen, og demonstrerte prøvetaking.

Det vart servert mat og kaffi, og ein nytta også høvet til å dele ut jaktkort.



Det var bra oppmøte, og mange gode tilbakemeldingar på arrangementet i ettertid.

Kva meiner fjellstyre om jegerkafeen? Kva kunne vore gjort betre? Skal ein vidareføre dette til neste år?

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre arrangerer jegerkafe til neste år også, med eventuelle endringer.

Referat:

Gjennomgang av årets jegerkafe. Positivt tiltak med gode tilbakemeldingar frå dei framømte på opplegget og innhald. Det var henta inn foredragshaldarar av høg kvalitet og dei presenterte gode foredrag. Det vart i tillegg vist korleis ein skulle ta gode CWD prøver, hjerneprøve og lymfeknutar ble henta ut frå hjortevilhovud. Fjellstyre nytta anledninga til å informere om regelendringa rundt rapportering av felt villrein. Fjellstyre delte ut bagasjeveker til dei framømte, for nøyaktig vekt på slakt, som er ein av dei pålagte rapporteringskrav.

Vedtak (sak 24/24)

Fjellstyre ønsker å arrangere jegerkafe i 2025 og samkøyrar eventuelt dette med andre fjellstyre. Innhald og opplegg for neste års jegerkafe blir gått gjennom til neste år.

UFS 25/24: Status hytter og båtar

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

- Gjennomgang av arbeidet på hyttene i år, og status på båtar og båtvrakprosjektet. Vegen vidare.
- Status på byggesøknad for å rive den gamle oppsynshytta på Raudåna, og sette opp eit naust med bu-del.
- Planlagt arbeid på hyttene for 2025.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Leiar orrienteerte om arbeidet som er blitt gjort på hyttene på statsallmenningen, med nytt naust på Belebu og oppgradering av Rogdabu.

Britha gjekk gjennom arbeidet som vart gjort med naustet på Belebu.

Leiar gjekk gjennom arbeidet med Rogdabu, Langavassbu, uthuset på Persbu, Holmavatnet, Raudåna.

Arbeidet som er gjort iløpet av 2024:

- Riving og bygging av nytt naust Belebu
- Restaureringen av Rogdabu
- Diverse arbeid på Langavassbu
- Oppgradering innvendig og dokassen på uthuset, Persbu.
- Diverse arbeid på Holmavatnet
- Beising av veggar og nye sofaer på Raudåna, samt rydding av uthuset.
- Opprydding på Naustet.

Leiar orrienteerte om synfaring på Raudåna og stengerunden i slutten av oktober.

Fjellstyret diskuterte rundt båtvrak på statsallmenningen og på private område, som er klare til å transporterast ut.

Leiar har laga eit oppsett på kva båtar som er klare for uttransport, kva ein vil få i gåve og pant for desse, samt kostnaden med å transportere desse ut. Leiar legg opp til at uttransport vert utført på dugnad. Sekretær kom med innspel om at fjelloppsynet kan gjerne bidra med uttransport, når ein er i områda på anna arbeid.

Leiar orienterte rundt praksis med varsling på private båtar som ligg på statsallmenningar, og viste bilete av dei båtane der det er blitt hengt opp slike varslingar. Leiar kontaktar «kjentfolk» i høve områder kvar der er fleire båtar/vrak observert på same stad, med håp om å spore opp eigarar av desse.

Sekretær orienterte om korleis arbeidet med båtvrakprosjektet vart gjort på Eidfjord statsallmenning. Sekretær og leiar går gjennom instruks rundt arbeidet med registrering av båtvrak og planlegg vidare arbeid med båtvrakprosjektet.

Det må utarbeidast plan for fjellstyrets gjennomføring, etter mal frå Norscan. Planen blir vedtatt av fjellstyret før innsending til Norscan

Leiar og sekretær orienterte rundt status med søknadsprosessen for riving og bygging av ny oppsynshytte med naust på Raudåna. Søknad er sendt til kommunen. Det vart gjennomført synfaring på staden med myndigheiter og utval i slutten av september. Ein avventar nå uttale frå Statsforvaltar før vidare sakshandsaming.

Det vart diskutert opprydding på Rogdabu og søppel handtering på Ullsbu.

Det er ulike hyttereglar rundt om på hyttene. Det er fleire årsaker til at det er blitt slik som det. Det var einigheit om at hyttereglane på fjellstyrehyttene bør evaluerast og standardiserast til å



verta like på alle hytter. Belebu og Raudåna her dei sist oppdaterte hyttereglar. Desse brukast som utgangspunkt. Forslag til «felles» reglar tas opp på neste fjellstyremøte.

Planlagt arbeid for 2025 vil bli diskutert på eit seinare møte.

Vedtak (sak 25/24)

Sekretær og leiar ser på arbeidet med båtvrakprosjektet. Plan for fjellstyrets gjennomføring utarbeidast av leiar og sekretær, og sendast ut til fjellstyre for godkjenning.

Sekretær lagar utkast til hyttereglar som skal ut på hyttene, med fokus på blant anna handtering av søppel.

Fjellstyre går gjennom arbeidet på hyttene for 2025 på møtet i januar for å sjå på dette opp mot budsjettet for 2025.

UFS 26/24: Kollsbu

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Det er komme spørsmål kring ordninga rundt Kollsbu. Fjellstyre var innom her under stengerunden sist i oktober. Kva er standen på hytta per no? Og korleis skal ein legge opp bruken framover? Eventuelt vedlikehald?

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Praksis rundt bruken av Kollsbu vart diskutert. Litt om historien og bruken fram til i dag vart orientert om.

Leiar orienterte om tilstanden på steinbua pr i dag.

Vedtak (sak 26/24)

Sekretær finn papirer og avtalar rundt Kollsbu til neste fjellstyremøte.



UFS 27/24: Langavassbu

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Det er oppstått problem i forbindelse med Trolltunga turismen. Det er fleire eksempel på situasjonar der booking og bruk av hytta ikkje går for seg på riktig måte.

Korleis skal ein løyse dette?

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar orienterte rundt bruken av Langavassbu i sommar,

Det vart diskutert kring vidare utleige av Langavassbu.

Det kom forslag om å fjerne Langavassbu frå Inatur og opne for at brukarane må kontakte fjellstyre og hente nøkkel om dei ynskjer å leige den.

Vedtak (sak 27/24)

Fjellstyre tar bort moglegheita for direktebooking via Inatur på Langavassbu. Det undersøkast kva moglegheiter ein har for eventuelle løysningar for innbygdsbuande. Sekretær kontaktar Inatur for innspel. Ein moglegheit som skal vurderast er at brukarane må ta kontakt med fjellstyre for leige av hytta. Vurderte løysningar og endeleg anbefalt løysning skal opp som sak i fjellstyremøte før neste utleigesesong startar.

UFS 28/24: Oppbevaringsboksar

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Brukerar av hyttene har etterspurt oppbevaringsboksar (zarges kassar) på Langavassbu.



Pr. i dag tilbyr fjellstyre innanbygds brukarar å leige oppbevaringsboks på Bjørnavassbu. Ein kan då leige for ein 5 år periode eller for kvart år. Det kostar 750 kr i året å leige oppbevaringsboks.

Fjellstyre må vurdere om ein skal tilby innanbygdsbrukarar å leige oppbevaringsboksar på andre hytter som for eksempel Langavassbu og på Naustet.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre kjøper inn fleire oppbevaringsboksar og tilbyr innanbygds brukarar av hyttene på Langavassbu og Naustet å leige oppbevaringsboksar der

Referat:

Leiar orienterte om ynskje om leige av oppbevaringsboksar på Langavassbu.

Det vart diskutert kor mange boksar som er leigd ut og kor mange som er ledige.

Det kom forslag om å legge ut nyheit på heimesida om at fjellstyre vil tilby utleige av boksar på Langavassbu, Naustet og Raudåna.

Vedtak (sak 28/24)

Fjellstyre vedtek å legge ut nyheit på heimesida om at fjellstyre vil tilby utleige av boksar på Langavassbu, Naustet og Raudåna.

Sekretær ser over kor mange boksar som er leigd ut og kor mange som er ledige.

UFS 29/24: Søknadar og midlar frå ulike stiftingar/fond/organ

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Gjennomgang av søknadar om midlar til ulike prosjekt, og midlar som er tildelt fjellstyre.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Leiar orienterte om søknadar som er sendt inn og midlar som er tildelt i 2024.

Leiar orienterte også om kva søknadar som ein har fått avslag på.

Forslag frå leiar om å kjøpe inn 3 nye båtar av typen Linder 410 i forbindelse med midlane som er tildelt i forbindelse med tilrettelegging for fiskekultivering og i forbindelse med at 3 fjellstyrebåtar er skrotet som båtvrak.

Det er i haust tildelt midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger for å erstatte ein del av fjellstyre sine egne båtar som er skrota som båtvrak. Dette prosjektet vil også bli finansiert av midlar frå båtvrakprosjektet og «fjellkassa». Fjellstyre diskuterte rundt kvar båtar skal byttas, kvar det skal nye båtar og kvar det er behov for båtar.

Vedtak (sak 29/24)

Fjellstyre kjøper inn 3 nye båtar av typen Linder 410 nå i 2024

Leiar og sekretær går gjennom oversikten til båtvrakprosjektet og sender ut dette til fjellstyremedlemmene.

Leiar og sekretær ferdigstiller og sender inn dei siste rapportane for utbetaling av midlar.

Fjellstyre vil fokusere på å fornye dei avslåtte søknadane framover og søke om dette på nytt.

UFS 30/24: Reglar for bruk av traktor ved Hansbu?

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Etter tilbakemelding om ein hendelse kring bruk av traktor på Hansbu i haust, ser ein behovet for å sette klare føringar for bruk av taktor på Hansbu. Fjellstyre må vurdere om ein skal utarbeide reglar som kan sendast ut i lag med traktorløyva fjellstyre får. Eventuelle innspel til desse reglane?

Framlegg til vedtak:

Sekretær lagar til eit sett med reglar for bruk av traktor på Hansbu, etter innspel frå fjellstyre, som vært sendt ut i lag med traktorløyva til neste sesong.



Referat:

Leiar orienterte om hendinga ved Hansbu i haust, og viste til bilete frå staden. Fjellstyre har fått fleire tilbakemeldingar frå brukarar om dette og det vart diskutert korleis ein skal handtera saken.

Dagens praksis for bruk og parkering med traktor på Hansbu vart diskutert.

Fjellstyre diskuterte å lage klare reglar for bruken av traktor på Hansbu.

Det vart foreslått at Jonas lagar eit kart med beskrivelse på kvar parkeing og lossing skal skje.

Det vart diskutert praksis rundt datoar for køyring inn og ut til Hansbu og koordinering rundt dette.

Vedtak (sak 30/24)

Jonas lagar ei skisse over området og utkast til reglane for traktorkøyringa på Hansbu. Fjellstyre går gjennom dette på neste fjellstyremøte.

UFS 31/24: Arrangere jegerprøvekurs

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Det har vore uformelle samtalar med Røldal fjellstyre rundt eit samarbeid for å arrangere jegerprøve lokalt som eit rekrutteringstiltak. Leiar veit om ein instruktør som kan være aktuell å spørje.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre avklarar med Røldal fjellstyre angående arrangeringa av jegerprøvekurs (kvar, korleis, når, ...) og høyrer med instruktør om dette.

Referat:

Leiar orienterte om saken.



Fjellstyre er positive til å kontakte aktuell instruktør saman med Røldal Fjellstyre, for å sjå på kvar, når og korleis ein skal arrangere jegerprøve.

Vedtak (sak 31/24)

Leiar kontaktar instruktør for nærmare avtale om vegen vidare.

UFS 32/24: Høyringsuttale - Lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune

Saksdokument:

- *Oppheving av lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag frå Odda kommune*
- *Brev frå Fjellstyra - Oppmoding om oppheving*
- *Utkast av forskrift om motorferdsel i Ullensvang kommune, redigert og justert 24.09.24*

Saksutgreiing:

Fjellstyre kom med ei oppmoding i 2022 til kommunen om at lokal forskrift for motorferdsel i kommunen måtte verta oppheva.

Kommunestyret har nyleg behandla saka om ny motorferdsel forskrift for Ullensvang kommune som vil kome ut på høyring i nærmaste framtid.

Fjellstyre må utarbeide eit høyringsinnspel til ny forskrift om motorferdsel i Ullensvang kommune.

Framlegg til vedtak:

Leiar og sekretær utarbeidar eit høyringsinnspel til kommunen, med innspel frå fjellstyre.

Referat:

Leiar og Per Helge forklara dagens lovverk og korleis dette er sett opp med lokalforskrift, den generelle motorferdsellova og verneforskrifta.

Det vart diskutert aktuelle innspel til den nye forskrifta. Blant forslaga er endring av ordninga med landingar der det i dagens forskrift står beskrive med sjøfly. Fjellstyre meiner det nye lovverket må tilpassast dagens bruk. Fjellstyre ynskjer å komme med innspel om landing med helikopter ved aktuelle stølsbol.



Vedtak (sak 32/24)

Leiar og sekretær lagar eit utkast til høyringsuttale med dei punkta som vart diskutert og sender dette ut til fjellstyremedlemmene for gjennomgang.

UFS 33/24: Eventuelt

Saksdokument:

Visar til sak UFS 23/23 frå fjellstyremøte 8. november 2023 angående båtane i fjellstyrehytta på Bjørnavassbu.

Saksutgreiing:

- Fjellstyre har vore i kontakt med eigarane på Hovlandsstølane angående saken, og det er ingen av desse som kan framvise nokon skriftleg avtale.

Fjellstyre bør vurdere å kontakte eigarane på Hovlandsstølen om ei mogeleg løysing for båtane framover.

Framlegg til vedtak:

Leiar og sekretær kontaktar eigarane på Hovlandsstølen angående ei mogeleg løysning.

Referat:

- Leiar orienterte om saken med båtane i hytta på Bjørnavassbu og status her. Leiar viste til kontakt med båteigar og viste til søknadsprosessen ved oppføringa av Bjørnavassbu.

Det vart diskutert korleis bruken er i dag. Eventuelle nye ordningar vart presentert av leiarar.

To nye saker vart tatt opp:

- Leiar orienterte om steinbua «Langavassbui» ved Langavatnet som Ullensvang kommunen eig og korleis denne vert brukt i dag.

Leiar forslår å kontakte kommunen om korleis denne bua blir forvalta og brukt i dag.

- Leiar og sekretær orienterte om tenestekjøpet frå FH as og bestillinga Ullensvang fjellstyre har satt for 2025



Vedtak (sak 33/24)

- Fjellstyre går i dialog med eigarane på Hovlandsstølen med sikte på å få til ei minneleg løysning for naustdelen og båtane på Bjødnassbu med utgangspunkt i leiar sitt forslag til løysning.
- Leiar opprettar dialog med eigarane rundt forslag til løysning.
- Leiar kontaktar Ullensvang kommune angående bruken av steinbua ved Langavatnet



Postliste:

- 2024.03.15-035.2 Tilsynsutvalet - Kopi av uttale til søknad om restaurering av Rogdabu
- 2024.03.18-035.2 Tilsynsutvalet - Svar på søknad om riving og oppsetjing av nytt naust til Belebu
- 2024.03.18-145.4 Ullensvang fjellstyre - Søknad om midlar til solcelleanlegg på to fjellstyrehytter
- 2024.03.20-145.4 Ullensvang fjellstyre - Søknad om midlar til båtar ved Raudåna og Belebu
- 2024.03.21-642.1 Framnes KVGS - Forespørsel om isfiske for vgs elevar
- 2024.03.25-642.1 Ullensvang fjellstyre - Svar på forespørsel om isfiske for vgs elevar
- 2024.03.25-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til årsmøte
- 2024.03.25- 651.1-UT VLFK - Søknad elektrofiske i Holmavatnet i Røldal og Ullensvang SA
- 2023.03.31-651.1- INN SFVL Løyve til utsetting av fisk - Hardangervidda nasjonalpark - Røldal fjellstyre
- 2024.03.31-145.9-Sparebanken Vest-Kvittering søknad om midlar
- 2024.03.31-145.9-Sparebanken Vest-Kvittering søknad om midlar
- 2024.03.31-145.9-Sparebanken Vest-Kvittering søknad om midlar
- 2024.04.03.011.3. FH - Innkalling til møte i region 4 120424
- 2024.04.05-612.3 Private vald i Ullensvang – Søknad om samjakt 2024
- 2024.04.08-362.1-Statskog-Øvre Krokavatn - Oversendelse av søknad for uttalelse - Tilbygg til hytte
- 2024.04.09-011.3. - FH-Innkalling til ekstraordinær generalforsamling FH as
- 2024.04.10-612.3 Invitasjon tiil fagdager Villreinrådet
- 2024.04.10-362.1-Statskog - Grunneiers uttalelse til søknad om riving og oppsetning av ny større trehytte ved Øvste Krokavasshallet
- 2024.04.16-612.3- Villreinutvalet-Årsmelding 2023
- 2024.04.16-612.3-Villreinutvalet-Protokoll årsmøte12 04 2024
- 2024.04.10-035.2-Ullensvang kommune-Gjeldande søknad om dispensasjon for riving og oppføring av nytt naust - gnr. 255, bnr. 1 - Belebu ved Kvennsjøen
- 2024.04.17-035.2-Ullensvang fjellstyre-Statskog-Byggesøknad på riving av eksisterande naust og bygging av nytt ved Belebu-Kvennsjøen- Ullensvang Statsallmenning
- 2024.04.17-44.-Statskog-Søknad om løyve til å sette opp 4 viltkameraer i Ullensvang statsallmenning
- 2024.04.22-650.-Framnes KVGS-VGS elevar på isfiske
- 2024.04.23-362.1-Ullensvang fjellstyre-Ullensvang kommune - Øvre Krokavatn - Oversendelse av søknad for uttalelse - tilbygg til hytte.
- 2024.04.23-035.2.-Ullensvang kommune-Vedtak om tillatelse til riving og bygging av naust. Belebu ved Kvennsjøen
- 2024.04.23-035.2.-Ullensvang kommune-Vedtak - Dispensasjon til riving av eksisterende naust og bygging av nytt på samme tomt - Belebu ved Kvennsjøen
- 2024.04.24-362.1-Statskog - Ullensvang kommune 461825516 - Øvre Krokavatn - Grunneiers uttalelse av søknad tilbygg til hytte
- 2024.04.24-012.0.-NFS-Invitasjon til landsmøte
- 2024.04.26-31.-Statskog-VS Søknad om oppsetjing av LoRaWan basestasjonar i Hardangervidda Nasjonalpark
- 2024.05.02-127.-Ullensvang Revisjon AS- Revisjonsberetning 2023
- 2024.05.06.-123.-Ullensvang fjellstyre-Rekneskap med revisjonsmelding frå Ullensvang fjellstyre
- 2024.05.07-44-Ullensvang fjellstyre - svar- Søknad om løyve til å sette opp 4 viltkameraer i Ullensvang statsallmenning
- 2024.05.07-329.-Ullensvang fjellstyre -svar-Søknad om oppsetjing av LoRaWan basestasjonar i Hardangervidda Nasjonalpark
- 2024.05.14-612.1.-Hjorteviltregisteret-Fellingstillatelse villrein 2024 HA281
- 2024.05.14-612.1.-Hjorteviltregisteret-Fellingstillatelse villrein 2024 HA282
- 2024.05.15-44.-Statskog-SV Søknad om løyve til å sette opp 4 viltkameraer i Ullensvang statsallmenning
- 2024.05.15-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om løyve til bruk av motor på Nedsta Krokavatnet 2024
- 2024.05.18-145.9-Vestland fylkeskommune-Tilsegn om tilskot på inntil kr 15 000 til Ullensvang Fjellstyre for prosjektet Bestandsreducerande tiltak - tilsegn nr. INNFISK-092-24.
- 2024.05.21-012.0.-Ullensvang kommune-Fjellstyre for Ullensvang statsallmenning - møtegodtgjersle 2024 - 2027
- 2024.05.26-612.9-Redd villreinen- Årsmøte Stiftelsen Redd Villreinen



- 2024.05.27-642.2 Avtale fiske sør for Nordmannslågen
- 2024.05.29-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling - fiskeforbetrande tiltak
- 2024.05.29-127 Ullensvang fjellstyre - Oppseiing av revisjonsoppdrag
- 2024.05.29-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om traktorløyve 2024
- 2024.06.04-622. Villreinemnda Saksutskrift 45-24 Uttale til Eidfjord fjellstyres tiltak for å bedre villreinens trekk.
- 2024.06.05-434 Tilsynsutvalet - Løyve til køyring med traktor til Hansbu i samband med villreinjakta 2024
- 2024.06.07-434.-Tilsynsutvalet- Løyve til bruk av motorbåt på Øvsta Krokavatn 2024-2027
- 2024.06.12-434 Tilsynsutvalet - Løyve til landing med helikopter ved naustet til Belebu ved Kvennsjøen
- 2024.06.13-652.4 Jarle Viskjer - Søknad om løyve til utfisking i Litlosvatnet, Kollsvatnet og Skavatnet 2024
- 2024.06.17-612.3 Informasjon til valdansvarlige om jakt på Hardangervidda
- 2024.06.18-434-Tilsynsutvalet-Endring i traktorløyve til Hansbu
- 2024.06.20-612.3 Villreintualet - Oppfordring til utprøving av fleire fredningssoner i jakta 2024
- 2024.06.21-612.9-Ullensvang fjellstyre-Jegerkåfe i Ullensvang
- 2024.06.28-145.9 Avslag på søknad - Verdiskaping med Statskog 2024 - Båter til to fjellstyrehytter
- 2024.06.28-145.9 Avslag på søknad - Verdiskaping med Statskog 2024 - Båter til to fjellstyrehytter
- 2024.07.01- 652.4 Rapport utfiske Litlosvatn, Kollsvatn og Skavatn 2023
- 2024.07.02_Statskog_SF_Tilsagn_om_tilskudd__verdiskaping_med_Statskog.pdf__signert_dokument - 145.5
- 2024.07.03-612.3 Referat møtet i villreintualet 06.06.24
- 2024.07.09-612.1 -Røldal fjellstyre- Samjaktavtale med Røldal og Ullensvang
- 2024.07.09-642. Avtale om garnfiske sør for Nordmannslågenvassdraget.
- 2024.07.10-362.1 - Statskog svar - Plassering av hytte i Øverkrokavasshalle.
- 2024.07.11-335.3. Avslag på søknad om å få setje opp basestasjonar i Hardangervidda nasjonalpark
- 2024.07.11.-612.1-Ullensvang fjellstyre-Utdeling av villreinkort- innanbygdsjegere i Ullensvang 2024
- 2024.07.12-612.1-Ullensvang fjellstyre - Avtale med private vald 2024
- 2024.07.12.612.3 Ullensvang fjellstyre - svar VU ang. fredningssoner
- 2024.07.12-355.3. pressisering vedr avslag på eksisterende basestasjonar innanfor Ullensvang og Røldal SA
- 2024.07.18-355-3. Plassering av basestasjonar til gps bjeller. Vestland bjøllelag.
- 2024.07.25 - 145.9. Ullensvang fjellstyre - Søknad om forlenga frist til ferdigstilling av oppsynshytte-naust ved Kvennsjøen
- 2024.07.29-652.4-Ullensvang fjellstyre- Løyve til utfisking Litlosvatnet Kollsvatnet og Skavatnet 2024
- 2024.07.29-612.1-Ullensvang fjellstyre-Informasjon om reinsjakta på Ullensvang statsallmenning 2024
- 2024.07.31- 145.9 Vedtak tilskotsordning friluftshovudstaden
- 2024.08.03-612.2 Fellingsløyve og informasjon elgjakta 2024
- 2024.08.05-372. Oppgradert vannkraft Tyssedal - invitasjon til møte KU villrein 15.aug.
- 2024.08.06-612.1 Fellingsløyve gjeldande for Eidfjord statsalmenning sør for Nordmannslågen
- 2024.08.07-612.1-Ullensvang fjellstyre-Liste over traktorar til Hansbu ifbm reinsjakta 2024
- 2024.08.09-145.9-Sparebanken vest-Prosjektmidler tildelt - Jegerkåfe med foredragsholdere
- 2024.08.13 - 035.1 - Ullensvang kommune - Oversender søknad til uttale og handsaming etter verneforskrifta - gnr. 255, bnr. 1 - Kvennsjøen - riving av eksisterande hytte og oppføring
- 2024.08.14 - 035.1 - Søknad om løyve til tiltak - Raudåna - gnr. 255, bnr. 1, fnr. 11
- 2024.08.15 - 145.9. Sparebankstiftinga - Innvilga utsett frist for ferdigstilling av hytte/naust ved Kvennsjøen
- 2024.08.15-434-NFS - Høring - NOU 2024 10 Ny motorferdsellov
- 2024.08.16 - 642. - Miljødirektoratet - Vurdering av forslag om redusert fiske av omsyn til villreinen
- 2024.08.16-035.2- Ullensvang fjellstyre - Avtale om rehabiliteringsarbeid Rogdabu 2024



- 2024.08.23-123. Statkraft-Indeksregulering av årleg erstatning gitt til eigedom GNR 0 BNR 0
- 2024.08.23-123. Statkraft-Indeksregulering av årleg erstatning gitt til eigedom GNR 255 BNR 1
- 2024.08.25-434-Jarle Rasmussen-Sv Høring - NOU 2024 10 Ny motorferdsellov
- 2024.08.27-434-Jarle Rasmussen-Høring - NOU 2024 10 Ny motorferdsellov
- 2024.08.27-434-Jonas Aakre-Re Høring - NOU 2024 10 Ny motorferdsellov
- 2024.08.28-612.3-Villreinutvalet-KALVETELLING 2024_HV rapport
- 2024.09.09-434-Per Helge Sekse-Re Høring - NOU 2024 10 Ny motorferdsellov
- 2024.09.09-612.3-KLD-Invitasjon til åpent møte om arbeidet med tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde
- 2024.09.11-41. Statsforvaltaren i Vestland-Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområdene på Hardangervidda
- 2024.09.11-035.1-Villreinnemnda-Uttale til søknad om riving av hytte og oppføring av nytt bygg ved Kvennsjøen
- 2024.09.12-035.1-Ullensvang fjellstyre-Kommentarar til Villreinnemndas uttale
- 2024.09.13-035.1.-Vestland fylkeskommune-Kvittering på mottatt e-post
- 2024.09.13-612.1. Jarle Rasmussen-Spørsmål om oppheving av fredningssonene ut jakta.
- 2024.09.13-612.1. Jonas Aakre-Re Spørsmål om oppheving av fredningssonene ut jakta.
- 2024.09.13-035.1-Øystein Aasland-Synfaring byggesaker i Hardangervidda nasjonalpark Torsdag den 26. september
- 2024.09.15 - 001.1- Ullensvang fjellstyre- Høyringsinnspel Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre - Ny motorferdsellov
- 2024.09.16 - Tilsynsutvalet - Søknad om helikopterløyve ifbm stengerunde 2024-2025 - 434
- 2024.09.17-001.4-Ullensvang kommune-Høyring planstrategi Ullensvang kommune 2024-2027
- 2024.09.18 - 434-Tilsynsutvalet - Søknad om helikopterløyve ifbm stengerunde 2024-2025
- 2024.09.22-434-Jonas Aakre-Traktorspor Hansbu
- 2024.09.23-612.3-Villreinnemnda-Informasjon til valdansvarlige om levering av fellingsrapport og kontrollkort
- 2024.09.24-44-Jonas Aakre-Miljønytt 1979 Hardangervidda
- 2024.09.25 - Jan Asbjørn Utne - Arbeidsrapport Rogdabu - 035.2
- 2024.09.29-145.9-Sparebanken Vest- Kvittering mottatt søknad om prosjektmidler fra ULLENSVANG FJELLSTYRE
- 2024.10.01-145.9-Sparebanken Vest- Kvittering mottatt søknad om prosjektmidler fra ULLENSVANG FJELLSTYRE
- 2024.10.01-145.9-Sparebanken Vest- Kvittering mottatt søknad om prosjektmidler fra ULLENSVANG FJELLSTYRE
- 2024.10.02-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmodning om sluttutbetaling frå Grunneigarfondet - Rogdabu
- 2024.10.02 - 145.9 - Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om utbetaling av midlar Rogdabu - Sparebankstiftinga Hardanger
- 2024.10.08-612.1-Ullensvang fjellstyre-Følgebrev retur av fellingsløyva
- 2024.10.10. - 612.1- Villreinutvalet -uttale merking 2025
- 2024.10.10-612.3-Villreinutvalet- Uttale ny forvaltningsplan verneområdene Hardangervidda
- 2024.10.15-145.9-Jarle Rasmussen/Britha Sandal-Belebu sommaren 2024- Rapport frå riving og bygging
- 2024.10.21-035.1.-Tilsynsutvalet-Uttale til søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt naust med budel ved Raudåna
- 2024.10.30-612.3-Villreinnemnda-Registrering av felt villrein i Hjorteviltregisteret
- 2024.10.31-145.9-Kulturdepartementet - Kvittering søknad spillemidler nytt naust Belebu
- 2024.10.31-613.3-Villreinutvalet-Invitasjon høstmøte Hardangervidda 2024
- 2024.10.31-145.9-Kulturdepartementet - Kvittering søknad spillemidler Raudåna naust med budel
- 2024.11.11.-612.2-Hjorteviltregisteret-Kvittering fellingsrapport elgjakt Ullensvang statsallmenning2024